

Pressemelding

19.10.2017

Historisk felles fylkesting på historisk grunn

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane har sitt første felles møte 27. oktober i Gulen, med historisk og symbolsk markering på Gulatinget. Saker som namn på regionen og kven som skal arbeide i ei fellesnemnd fram mot samanslåing av fylka i 2020 skal handsamast.

Sjølve møtet vert på Dalsøyra barne- og ungdomsskule, der fylkestinga først møtest til felles debatt. Deretter går dei kvar til sitt og gjer separate vedtak i saker som er drøfta. Det er kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) som kallar inn til møtet, som blir opna av statssekretær Anne Karin Olli.

Hordaland og Sogn og Fjordane har felles historisk grunn i Gulen. Begge har ei forankring til Gulatinget, som starta som allting og tingstad for Hordaland og Sogn og Fjordane på 900-talet – kanskje endå tidlegare.

Stortinget vedtok samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane i juni i år. Det felles fylkestingsmøtet er nedfelt i inndelingslova § 25, som seier at det skal gjennomførast eit slikt fylkestingsmøte så snart som mogleg etter vedtak om samanslåing.

Saker på møtet er:

- namn på det nye fylket
- tal medlemmer i det nye fylkestinget
- kriterium for samansetjing av, og funksjonar til, fellesnemnda
- val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- oppretting av ev. andre fellesorgan for å sikre gjennomføring av samanslåing

Markering på Gulatinget

Når møtet er avslutta, vert det lunsj på Gulating Hotel i Eivindvik, før turen går til Tusenårsstaden Gulatinget på Flolid. Tingveggen her – med 22 steinar reiste på høgkant – er eit symbol på ein historisk møteplass. Her vert det kulturinnslag og ei markering av Stortinget si samanslåinga av dei to fylka.

Tidlegare fylkesordførarar, fylkesrådmenn, samt dagens og tidlegare fylkesmenn vert inviterte til det felles fylkestinget, som markerer starten på det vidare arbeidet med samanslåinga.

Gulatinget er viktig for mange delar av historia for både Vestlandet og heile landet. Gulatingslovene er den eldste kjende og bevarte lovsamlinga i dei nordiske landa, og er utgangspunktet for lovene vi har i dag. Gulatinget var også opphavet til det første organiserte forsvaret av riket, den sjømilitære leidangen. I tillegg er sjølv sagt [Gulatinget](#) viktig for kulturhistoria vår.

Program for felles fylkestingsmøte i Gulen 27. oktober 2017:

Dalsøyra barne - og ungdomsskule

10.00-11.15

Frammøte m/servering

11.15-11.25

Opning av felles fylkesting v/statssekretær Anne Karin Olli, Kommunal- og moderniseringsdepartementet

11.25-11.30

Velkomne til Gulen kommune v/ordfører Hallvard S. Oppedal

11.30-11.45

Frå Gulating til regionreform v/professor Jørn Øyrehagen Sunde, Universitetet i Bergen

11.45-13.00

Felles fylkesting - drøfting, jf. inndelingslova § 25

- a) Namn på det nye fylket
- b) Tal medlemmer i det nye fylkestinget
- c) Kriterium for samansetjing av, og funksjonar til fellesnemnda etter inndelingslova
- d) Val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- e) Oppretting av ev. andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga

13.15-14.00

Vedtak i separate fylkesting

14.00-14.30

Skyss til Gulating Hotel, Eivindvik

Gulating Hotel, Eivindvik

14.30-15.30

Lunsj

15.30-15.45

Skyss til Tusenårsstaden/Gulatinget

Tusenårsstaden/Gulatinget

15.45-17.15

Samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland

- Kulturinnslag og historisk/symbolsk markering

- Pressetreff

Kontaktpersonar:

Jenny Følling, fylkesordfører

Sogn og Fjordane fylkeskommune

mob.: 479 05 990

Pål Kårbø, fungerande fylkesordfører

Hordaland fylkeskommune mob.:

934 29 063

Ingvild Ramstad,

Informasjonssjef

Sogn og Fjordane

fylkeskommune

ingvild.ramstad@sfj.no

mob: 975 14 466

Janne Værnø, kommunikasjonsdirektør

Hordaland fylkeskommune

Janne.Vaerno@hfk.no

mob: 951 87 636